

Mindre folk, men god stemning.

03.12.2016



Mykje fint på julekafèen til KV.

Første timane etter at Julekafèen til Kvinnherad Vekstbedrift opna kl.10, var det ganske stille i lokala. Då det nærma seg middagstid, byrja folket å strøyma til. Mange ville ta laurdagsgrauten der, og den fekk som vanleg beste karakter. Elles så var det mange som kosa seg med kaffi og dei gode kakene som var i salgsdisken.



I halveitt-tida var det bra med folk som kosa seg i kaféen.

Som vanleg var det mykje fint å få kjøpt, særleg la eg merke til mykje fint i tekstil, men det var også trevarer og til og med ved for salg. Denne salgs kaféen har vorte ein fast og kjærkomen førjulstradisjon i Uskedalen, og det har kome besøkjande frå heile Kvinnherad.

At besøket var mindre i år, har nok samanheng med to ting. Tidspunktet var uheldig då det var svært mange på julegrantenningsarrangementet fredag. I tillegg vert Retro Brukhandel og kafè på Husnes meir og meir populær. I den flotte og oversiktlege butikken ved Hellandskrysset kan ein få kjøpt varer produsert ved KV gjennom heile året. Førstkommande torsdag vert det langope der, med ulike aktivitetar, som eit ledd i julehandelen.



Mykje fint i hyllene.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.